



Vestland fylkeskommune Innovasjon og Næringsutvikling  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Vår ref. 20/1039-8      Dykkar ref.      Sakshandsamar Hilmar Høl      Direktør 90201564      Arkiv K2-U01      Dato: 18.03.2021

## Uttale - framlegg til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling – Vestland

Vi viser til Vestland Fylkeskommune sitt høyringsframlegg – «Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 – berekraftig verdiskaping», som er ein delplan under Vestland Fylke sin «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024». Årdal kommune vil gi innspel til prosessen for vidare handsaming av framlegget.

Arbeidet med eit strategisk styringsdokument for innovasjon og næringsutvikling i Vestland er viktig for å kunne sette retning og sikre samhandling om prioriterte satsingar. Årdal kommune støttar opp under dette arbeidet og ynskjer å gi innspel basert på eigne strategiar og satsingar innanfor området, samt kva vi trur er viktig for at Vestland skal kunne nå dei overordna målsetnadene om at Vestland skal vere det **leiande verdiskapingsfylket** basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon i næringslivet.

Dette er målsetnader som samsvarar godt med dei målsetnadene vi har og arbeider etter i Årdal. Vi er i realisering av ein strategi for kompetanse og innovasjon saman med næringslivet, og med støtte frå Fylkeskommunen, for å nå desse målsetnadene. Dette basert på behov i spesielt industrien lokalt, som har fremja sterkt behov for ny kompetanse framover gjennom nyrekruttering og utvikling av eigne tilsette, samtidig som dei har behov for å utvikle seg for å ta i bruk ny teknologi i ein internasjonal tøff konkurranse. Det andre området som vi jobbar med er berekraft og sirkulærøkonomi som er heilt sentralt for industrien, og spesielt prosessindustrien for å vere konkurransedyktige.

### Høyringsframlegg:

Overordna vurdering av høyringsframlegget er at det gir ei retning som vi trur er riktig. Vi vil her kommentere opp mot utvalde satsingar der vi meiner vi kan utfylle planen.

### 3.1 Felles satsingar

Planen peikar på nokre tema og arbeidsområde som er felles for satsingane. Vi støttar opp under desse og vil spesielt trekke fram:

- **Samhandling og møteplassar** – vi viser til punkt 3.2 under, og samhandling med einssidige industristader med prosessindustri. Vi trur at å bygge innovasjonsnettverk mellom desse stadene for å auke samhandling og deling av kunnskap som er relevant for desse.
- **Kompetanse** – tilgang på tilstrekkeleg og rett kompetanse framover blir ein nøkkel for å utvikle næringslivet og lokalsamfunna. Vi må finne gode og fleksible løysingar med utdanningsinstitusjonane og dei vidaregåande skulane.
- **Forsking og Innovasjon/Teknologi/innovasjonsinfrastruktur** – vi har etablert vår satsing for å kople tettare saman industrien og forskingsmiljøa gjennom SITEP. Dette

trur vi bli nøkkelen for å klare å utvikle ein industri som tek i bruk ny teknologi og som klarar den grønne omstillinga. Her ligg det store forretningsmoglegheiter framover som vi i Vestland må klare å ta effekt av. Då må vi tenke nytt i innovasjonsstrukturane og skape nye nettverk på tvers av eksisterande.

### 3.2 Grøn næringsutvikling

- **Forbetring av eksisterande produkt, teknologi og tenester**
- **Utvikling av ny teknologi, nye produkt og tenester, nye organisasjonsmåtar og nye marknader**
- **Etablering av heilt nye verdikjeder**

Dette trur vi er viktige satsingar som er i tråd med slik vi tenker og arbeider i Årdal med spesielt industrien og teknologibedriftene. Årdal har sin styrke innanfor prosessindustri (aluminium og silisiumwafer) og leverandørindustri, og med Hydro sitt sterke forskingsmiljø som ein faktor for fagmiljøet. Vi har etablert SITEP (Senter for Innovasjon, Teknologi og Prosess) som eit nøytralt FoU selskap i Årdal saman med industrien og SINTEF som eigarar for å kunne styrke eksisterande industri, men og utvikle ny industri basert på den kompetansen og ressursane ein har. Her har ein etablert bedriftsnettverk, testfasilitetar, teknologiprojekt og forskingsaktivitet tett saman med Hydro sitt forskings og digitaliseringsmiljø. SITEP er og node under Norsk katapult ordninga, knytt mot industrimiljøet på Raufoss. Hovudfokus i prosjekt og aktivitet i SITEP er knytt opp mot teknologi/digitalisering og berekraft/sirkulærøkonomi. Vi trur prosessindustrien vil ha ei viktig rolle framover, og det peikar og **Vestlandsanalysen** på som Fylkeskommunen sjølv har bestilt:

- Prosessindustrien er den industrigruppa med størst verdiskaping nasjonalt, og ein betydeleg del av norsk fastlandseksport. Verdiskaping i Vestland på 8 mrd., og 8.147 sysselsette i 2019.
- Vil dei neste åra bli prega av dei globale megatrendane berekraft og teknologi.
- Dei fleste fabrikkane knytt til næringa er hjørnesteinsbedrifter som produserer til global industri. Etterspurnaden varierer derfor sterkt med økonomien globalt.
- Prosessindustrien har høge klimautslepp og er sentrale i den grønne omstillinga om Norge skal nå sine klimamål. Analysen seier at prosessindustrien vil bli sentral i det grønne skiftet.

Vestlandsanalysen peikar og på marknadsmoglegheiter som Vestlandet kan gripe framover og som vi støttar fullt opp om:

- Vestland blir eit attraktivt vertsland for etablering av ny næring på grunn av tilgang på fornybar energi.
- Vi lukkast med spesialisering og produktutvikling av Vestlands kjerneprodukt.
- Sirkulærøkonomi og CCU kan skape nye vekstområde i til støytande næringar. Industriparkane får ei sentral rolle i dette.
- Vi kan bli verdsleiande på lågutslepps- prosessproduksjon gjennom å ta i bruk hydrogen i produksjon
- Det blir vidareutvikla leiande kompetanse- og FoU miljø tett knytt til produksjonen

Analysen peikar på at industriparkane og industrihubane må vere motorar og få ei sentral rolle for å realisere potensialet slik at vi får fram nye vekstselskap innanfor sirkulær økonomi og industriell symbiose. Dette kan ein gjere ved å nytte konkurransefortrinna ved dei ulike stadene. Skal vi lukkast med dette og ta ut potensialet knytt til vekst i prosessindustrien og dei kompetansmiljøa, må vi styrke desse miljøa lokalt, men og bygge gode nettverk og samarbeidsarenaer mellom desse stadene og dei ulike fagmiljøa/FoU miljøa i Vestland.

Prosessindustrien i Vestland er etablert hovudsakleg på einsidige industristader med høg grad av industrisyssetjing og spesialisering. Desse stadene har felles utfordringar og moglegheiter knytt til næringsutvikling og innovasjon. Desse behova kan vere veldig ulike dei behova som andre kommunar i regionen dei er ein del av har, og som gjer at strategiane, verktoya og verkemidla ofte ikkje er relevante.

Vi meiner det bør utviklast ein eigen strategi og verkemiddel/verktøy for desse stadene og prosessindustrien. Der dei ulike stadene kan arbeide saman på tvers, viser til kart under med utvalde kommunar med sterk prosessindustri og einsidige industristader.




Årdal har utvikla vår modell gjennom SITEP AS der industrien og FoU miljøa jobbar saman, men vi trur det kan vere nyttig å jobbe enda tettare saman med dei andre industristadene i fylket og ikkje minst kompetanse/FoU miljøa i Bergen.

**Prosess21** som er eit strategiarbeid for norsk prosessindustri, og vart etablert av Nærings- og fiskeridepartementet, kom i januar 2021 med sin hovudrapport. Den kommenterer –  
*«Prosessindustrien er pekt på som en av fire viktige næringer som kan bidra til å dekke inn Norges fremtidige eksportgap. Industrien er internasjonal, godt posisjonert og kan utnytte sin sterke posisjon som et fundament grunnlag for videre vekst.»*

*For at prosessindustrien skal bidra til økte eksportinntekter over tid, må dagens produkter være relevante ved at de produseres og leveres med stadig mindre CO2 fotavtrykk. I tillegg bør den norske prosessindustrien øke innsatsen for å utvikle nye produkter og tjenester for å møte behovene som oppstår ved omstillingen til lavutslippssamfunnet.»*

**Rapporten har nokre overordna budskap til norske myndigheiter som er viktige å ta med i det politiske arbeidet, utvalde eksempel:**

- Proses21 legg grunnlag for ein norsk grøn industriell strategi, men treng ein mottakar som har ansvar for heilskapen
- Auke innsats som vertskap for grøne næringar (infrastruktur, industritomter, marknadsressursar, mottaksapparat)
- Bidra til å bygge nye verdikjeder i Norge
- Norsk grøn fornybar kraft må fortsette å vere eit komparativt fortrinn (oppretthalde eit fortsett kraftoverskot, omlegging krev meir energi)
- Norge har behov for betydeleg industriell omstilling og verkemiddel apparatet må satse ulikt fra føregåande tiår



### 3.3 Innovative og inkluderande samfunn

Vi støttar opp under ordlyden i høyringsframlegget om at det er viktig å utvikle innovative og inkluderande samfunn. Skal vi lukkast med dette må vi sikre relevant kompetanse til næringslivet gjennom fleksible utdanningstilbod og desentrale løysingar frå vidaregåande skule, fagskule og høgskule. Årdal vidaregåande skule er heilt sentral for rekrutteringa til næringslivet i Årdal, og vi er i full gang med desentrale fagskuletilbod. Næringslivet vårt er opptekne av å kunne sikre tilgang på framtidige fagarbeidarar, samtidig som dei kan ta vidareutdanning medan dei står i jobb. Dette blir ein nøkkel framover skal næringslivet utvikle seg.

Vi vil og følgje opp punktet om at heile fylket blir teken i bruk. Då må politikken differensierast ut frå ulike behov i ulike delar av fylket. Dette trur vi er viktig basert på det vi har kommentert knytt til industristadene, samtidig er det viktig at vi klarer å knytte desse stadene tett til dei ulike fag- og kompetansmiljøa i Bergen. Her har ein felles interesser og behov som vi ser etter kvart som miljøet i Årdal har starta samhandlinga med Høgskulen, Norce og andre miljø i Bergen. Det er viktig å finne fellesprosjekt der dei lokale fag/forskingmiljøa kan arbeide saman, samtidig som ein lokalt er avhengig av å få tak på studentar for å løyse oppgåver og rekruttere framtidens arbeidskraft. Utdanningsinstitusjonane og industrien har felles interesser for å få dette til.

### 3.4 Areal til næringsutvikling

Det er viktig å fokusere på å vidareutvikle ein konkurransedyktig fysisk infrastruktur og sikre tilgang på gode areal i regionen/kommunane. Det vil auke sjansen for å tiltrekke seg næring og kapital dersom ein har god tilgang på attraktivt næringsareal og god infrastruktur (vegar, flyplass, straum, vatn, osv.).

Ein kan ikkje styre ønska næringsutvikling med ein arealplan, men ein kan definitivt støtte opp under verdiskapinga ved hjelp av god arealpolitikk i ein kommune/region. Det er derfor viktig at ein støttar opp under arealkartlegging, arealplanlegging, rammeverk og har gode prosessar på tilrettelegging når næringslivet melder sine behov. Ein bør synleggjere dagens tilbod av næringsareal, peike ut strategisk viktige areal som kan vere ei konkurransekraft framover.

#### Oppsummering:

- Høyringsframlegget tek opp viktige satsingar som vi støttar opp om
- Det bør lagast ein strategi for utvikling av verktøy og verkemiddel tilpassa dei ein-sidede industristader med prosessindustri
  - o Korleis bygge innovasjonsinfrastruktur - nettverk, kompetanse, erfaringsdeling, verktøy og verkemiddel som gjer at desse kan utvikle seg. Er dagens verkemiddel i fylket relevante?
  - o Kompetansebehov framover for desse stadene, korleis er utdanningsretningane tilpassa behova – vidaregåande skule, fagskule, høgskule – lokale/sentrale tilbod
  - o Korleis utvikle strukturar som gjer at Fag-/FoU miljøa i Bergen blir relevante og når ut til desse industrimiljøa for å sikre bruk av kompetanse og utvikle framtidens kompetanse.
  - o Årdal kan ta ei rolle i dette arbeidet basert på dei erfaringane ein har bygd opp gjennom SITEP.

Uttalen er vedteken i Årdal kommunestyre 25. mars i Ksak 018/21.

Med helsing  
Hilmar Høl  
Ordførar